



# DET NORSKE TEATRET

1931-1932

Ungdoms-  
og skuleframsyning.

# Laurdagskveld til støls.

Songspel i 1 vending av *Jens Tvedt*.

Sett i sene av *Ingjalð Haaland*.

Dekorasjonane av *Ola Cornelius*.

Gunnhild . . . . .		Lydia Opøien
Leidulv, driftekar og hestehandlar . . . . .		Andreas Bjarke
Salmund, far til Gunnhild . . . . .		Lars Tvinde
Helge Haugen, jordagut . . . . .		Pehr Qværnstrøm
Sigrid	} stølsgjentar . . . . .	{ Dagmar M. Lund
Ingebjørg		
Knut	} grannegutar . . . . .	{ Karl Holter
Olav		

Hendingi gjeng fyre seg på ein vestlandsstøl ein laurdagskveld.

# Ervingen.


Songspel i 1 vending av *Ivar Aasen*.

Sett i sene av *Sigurð Magnusson*.


Dekorasjonane av *Ola Cornelius*.

Herman Sauenbach, eigar av Flåvik . . . . .	Karl Holter
Inga, dotter hans . . . . .	Lydia Opøien
Olav i Bakken, grannen hans . . . . .	Pehr Qværnstrøm
Gunnhild, kona til Olav . . . . .	Eva Steen
Åmund, odelserving til Flåvik . . . . .	Andreas Bjarke
Trond, rik ungkar . . . . .	Lars Tvinde

Møtestad i ein lund nær ved Flåvik.



Lydia Opøien



Andreas Bjarke

## Ivar Aasen: ERVINGEN

Daa Aasen hadde sett upp skriftformi si for dei norske maalføri, skreiv han det vesle folkeskodespelet «Ervingen». Det hadde vore mykje spurlag etter ei ekte norsk bondeskildring til det nye norske teatret i Møllergata. Stykket kom daa òg straks fram der, og fekk mykje vellæte, ikkje minst for dei fine friske songane og den vakre sømelege skildringi det gav fraa bondelivet. Den unge Bjørnson skreiv oppglødd um det: «Her er Bonden og Bondens Levesæt. Her er han endelig uden Skryderi. Her er han sund og sterk, klog og god — og med sit eget Sprog. Det er alene derfor Umagen værd at se «Ervingen» en Gang. Den har nogle Ord at sige dem, som modsætter sig al Bestræbelse paa at faa vort fattige Skriftsprog beriget fra Dialekternes Guldgruber.»

Det var eit sers aktuelt emne stykke hadde, utvandringi som nett daa hadde skote fart, og heimekjensla og heimehugnaden. Elles er «Ervingen» eit symbol paa det norske maalet som no kjem og krev husbondsretten. Aasen syner oss den ustøde knotaren i Sauenbach og Trond. Professor Monrad skreiv alt straks: «Det er saaledes et forædlet, idealiseret Folkesprog, der paa en Gang skulde have en større Harmoni og Skjønhed i sig selv og en større Almeengyldighed, saa at det kunde blive et Foreningsbaand for hele Folket.»

«Ervingen» hev vunne stor inngang og vore mykje spela gjenom aari. Garborg skriv i Aasen-festskrifti: «Dette vesle songspelet er kann henda det mest aalment kjende spelstykket i landet. Bygt paa heime-tanken er det eit nasjonalhistorisk bilætdikt; songane ber det literært uppe. «Ervingen» er eit stykke norsk historie. — Heimhugen er folkelivshugen, grunnvilkaaret for nasjonalt tilvære; det er den tanken «Ervingen» ber fram.»



Eva Steen



Pehr Qværnstrøm



Dagmar M. Lund



Karl Holter

## Jens Tvedt

er fødd i Aamvikdalen i Kvinnherad i 1857, so han fyller 75 aar no 14. juni. Han gjekk lærarskulen paa Stord og hev vore lærar nokre aar; men lengste tidi hev han vore bibliotekar ved kommunebiblioteket i Stavanger.

Han byrja tidleg aa skriva. I ei heil rad med bøker hev han skildra natur og folkeliv og lynde i heimegrendene. Han hev synt ei makelaus evne til aa sjaa og fortelja levande og sant um alt som rører seg i bygdene, og teikna det som bryt i mannehugen. I dei fyrste bøkene er han enno noko ustød, t. d. Inn i fjordane, Skuggar og søl-glytt, Nybrott, Hamna-tjonet og Tengill Hovda. Men etterkvart finn han si form og når fullt meisterskap i Vanheppa og Brite-Per, Godmenne, Straumgir og Hamskifte og serleg dei tvo bøkene nadli und' apalen og Guds løn, der han hev sett den trugne, godlidande sleparen eit æreminne. I Ramnagrø og Djup jord er det straalande naturskildring og rik, varm elskhug. Fine skildringar av barneaari gjev han i Haavard Brittanus og Jartrud Gilurdi og ungdomsskildring fraa den ljose Blomstølsumaren. Heilt til det siste hev han halde fram med sine rike menneskeskildringar med fin ironi og logn skjemt i Ættarvende og Laam og Leid. Heile bygdi lever attum bøkene hans, han gjev ei levande avspesling av alt i folkelivet med djup psykologisk sans.

Han hev òg skrive sogespelet Kraaka, som Det norske teatret fyrr hev synt fram, og det vesle skodespelet Laurdagskveld til støls (1890) med sin kjærleiksstrid og sitt friske sæterliv.



Lars Tvinde.



Fiksen.